



Program **Ulvik Venstre**

VENSTRE
Folk først.


Ulvik på lag med framtida!

Venstre sin visjon er at Ulvik skal vera ein berekraftig og attraktiv kommune i framtida. Ulvik er ei kulturog landbruksbygd med eit flott kulturlandskap frå fjorden til høgfjellet. Heradet har lange tradisjonar innan turisme og reiseliv. Me har alle føresetnader for å vera ein triveleg kommune å bu i – og koma til!

Endring og utvikling

Ulvik treng endring og utvikling. Den politiske styringa må pregast av debatt omkring dei store og viktige spørsmåla. Politikk handlar om prioriteringar, og desse må vera synlege for innbyggjarane. Mange spør seg: Kva utvikling vil me ha i Ulvik i framtida? Korleis skal Ulvik sikra dei kommunale tenestene framover som eigen kommune? Og korleis vil den nye økonomiske situasjonen i heradet

påverka utvikling og tenestetilbod? Venstre ynskjer å setja dagsorden, og påverka utviklinga i rett lei.

Mål og satsingsområde

Sjølv om kvardagen ikkje ber preg av store endringar – skjer det mykje rundt oss som me må vera klare til å ta inn over oss. Heradsorganisasjonen står ovanfor nye krav og forventningar. Ny teknologi endrar heradet sin måte å jobba på – og nye strukturar tek form gjennom kommunereforma eller interkommunalt samarbeid. Venstre vil møta desse utfordringane med å vera open for endringar – slik at Ulvik opprettheld sin unike posisjon som ein kjend og attraktiv stad.

"Ulvik treng endring og utvikling. Den politiske styringa må pregast av debatt omkring dei store og viktige spørsmåla.»

Folketalet i Ulvik har stagnert dei seinaste åra. Ulvik må bli meir attraktiv som stad og kommune, og satsa meir aktivt på bygdeutvikling.

Venstre vil peika på dei mest sentrale områda som skal ha særleg fokus i framtida. Dette vil vera våre satsingsområde i den lokale politikken.

Sats på ein god oppvekst

«Ulvik Venstre vil satsa på skule og barnehage, og me ynskjer eit nytt oppvekstsenter innan 2030»

Skule og barnehage:

Skulen og barnehagen er dei viktigaste tenestene når det gjeld å satsinga på ein god oppvekst.

Venstre vil:

- ✓ at skule og barnehage må jobba for eit fysisk og psykisk godt skule- og barnehagemiljø.
- ✓ at skulen skal satsa på IKT og digitalisering – og ungt entreprenørskap.
- ✓ vil satsa på kompetanseutvikling for tilsette i skule- og barnehage.
- ✓ at skule og barnehage skal arbeida for nulltoleranse mot mobbing og krenking.
- ✓ vil tilsetja miljøarbeidar på skulen for å fylgja opp aktivitetsplikta jf. § 9a i opplæringslova.
- ✓ at barnehagen skal ha opptak heile året, tilpassa familiane sine ulike behov.
- ✓ at skule/SFO vert opprusta for å møta framtida sitt behov.
- ✓ skjerma symjeopplæring for alle, og oppretthalda ein kulturskule med eit breitt tilbod.

Helse- og omsorg:

Helse- og omsorg er sentrale tenester for velferda til innbyggjarane. Me vil at desse tenestene skal ha eit godt omdøme.

Venstre vil:

- ✓ at helse- og omsorg må bidra til at innbyggjarane får kompetent helsehjelp.
- ✓ at tenestene legg til rette for å skapa moglegheiter for meistring og sjølvstende.
- ✓ at helse- og omsorg må ha ei bemanning som gjer at dei kan levera gode tenester.
- ✓ at tenestene i kommunen samarbeider på tvers for å gje gode helsetilbod til innbyggjarane uansett behov. «Helse i alt me gjer skal vera mottoet»
- ✓ at tenestemottakar skal vera i sentrum.
- ✓ at helse og omsorg må ha fokus på forebygging og helsefremjande tiltak.

Forvaltning og tekniske tenester:

Administrasjon, kultur, næring og tekniske tenester er viktig støttefunksjonar i ein moderne kommune.

Venstre vil:

- ✓ at administrasjonen må ha tillit og handlingsrom hjå dei folkevalde
- ✓ at kommunale bygg og infrastruktur vert godt og effektivt ivaretakne.
- ✓ at samfunnstryggleik og beredskap må ha fokus i alle tenester – også på høgfjellet.
- ✓ at Ulvik må halda fram satsinga på kulturfeltet.
- ✓ at den kommunale løyvinga til Citta-Slow vert evaluert.
- ✓ at heradet skal vera ein attraktiv arbeidsplass.
- ✓ at den kommunale ressursbruken vert gjennomgått – og at rammefordelinga vert sett på dagsordenen. Dei kommunale einingane må ha føreseielege rammer.
- ✓ at sosial og økonomisk berekraft skal vera grunnmuren i den kommunale tenesteproduksjonen.



Sats på Ulvik sin unike natur

Sats på den unike naturen – og eit grønt skifte!

Ulvik Venstre er Ulvik sitt største miljøparti. Me vil ta omsyn til naturen som verdi, og me vil føra ein arealpolitikk på naturen sine premissar.

Venstre vil:

- ✓ at eit berekraftig miljø er viktig for å vera ei attraktiv bygd i framtida.

- ✓ at offentlege tenester, turisme og privat produksjon må byggja på naturen si toleevne.
- ✓ vil blåsa liv i den kommunale planen for klima og miljø.
- ✓ innføra eit grønt-fond som stimulerer til eit grønt skifte i Ulvik.
- ✓ jobba for å utvikla dei gode friluftstilboda me har.
- ✓ vil stø opp om «garden som ressurs».
- ✓ vil ha ein arealpolitikk som ikkje bygger ned dyrka mark.
- ✓ ta vare på det biologiske mangfaldet – og kjempa mot spreieing av svartelista artar.
- ✓ sikra ei berekraftig forvaltning av fiskebestandane våre.



Venstre vil at innbyggjarane skal bu i Hardangers beste herad!

Landbruk og turisme er Ulvik sin fremste styrke. Venstre vil fremja styrkane våre, og byggja ned hindringane. Ein innovativ kommune er viktig for næringslivet og innbyggjarane.

Venstre vil:

- ✓ vera ein aktiv tilretteleggar for næringslivet, med særleg fokus på landbruk og turisme.
- ✓ vil kartlegga tilgang på areal til næring, industri og kontor.
- ✓ vil sikra at nye og eksisterande verksemder får råd og rettleiing til etablering og utvikling.
- ✓ vil utvikla Brakanes som ein attraktiv stad.
- ✓ stimulere til utbygging av fibernett
- ✓ etablere tømmestasjon for bubar og båtar.
- ✓ vil oppmota alle om å bruka lokale verksemder.
- ✓ vil ha ei sterkare satsing på lokale lag og organisasjoner.
- ✓ me vil satsa på ung-entreprenørskap i skulen.
- ✓ vil ha ein gjennomgang av bruken av heradet sitt næringsfond, og fylgja opp tidlegare løyvingar.
- ✓ me vil at heradsstyret skal ha fokus på økonomisk berekraft.

Venstre vil:

- ✓ vil stø opp om dei kulturinstitusjonane me har.
- ✓ bruk Terje Breivik sin posisjon på Stortinget for å fremja viktige saker for Ulvik t.d. permanent finansiering av Hardanger Produksjonsskule.
- ✓ halda fram som ein aktiv støttespelar til Haugesenteret og Turistkontoret.
- ✓ halda på dei gode biblioteknestene bygda har
- ✓ ha ein aktiv kulturminneplan.
- ✓ vil stimulere til utvikling av dei festivalane og arrangementa som er, og vera pådrivar til nye arrangement.



Ordførarkandidaten:

Reidar Meel

Eg er 57 år, utdanna Høgskulekandidat i samfunnsplanlegging ved Høgskulen i Volda 1984-1987. Har jobba 30 år i Ulvik herad i rådmannens stab, siste 15 åra som assisterande rådmann. I perioden 2017-2019 har eg jobba som prosjektleiar for arbeidet med ny kommuneplan for Voss herad. Frå 1. september 2019 byrjar eg som organisasjonssjef i rådmannens stab i Eidfjord kommune.

«Eg er oppteken av at innbyggjarane får dei tenestene dei har krav på. Basistenestene våre; oppvekst og helse- og omsorg vil vera fyrsteprioritet for meg. Det vil eg syna i praktisk politikk. Elles er eg som Venstrepolitikar oppteken av klima og miljø. Ulvik må få temaplanen for klima og miljø opp på den politiske dagsorden. Lokalsamfunnet må utvikla seg i tråd med FN sine berekraftmål. Viktig for meg er; sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Eg er også oppteken av innovasjon og utvikling. Landbruk og turisme må samhandla for å gjera Ulvik endå meir attraktiv ovanfor tilflyttarar, turistar og nye verksemder. Me må ha byggeklare tomter til dei som vil flytta til Ulvik. Vidare meiner eg at Ulvik-samfunnet må få meir igjen av satsinga gjennom næringsfondet. Venstre vil ha ein gjennomgang av fondsbruken»

Venstre sine kandidatar i Ulvik



1-Reidar Meel (f.1961)

Ordførarkandidat.
Organisasjonssjef –
Eidfjord kommune.



**4-Håkon Gjerde
(f. 1969)**

Avdelingsleiar –
Hardanger
Produksjonsskule.



**2-Ingrid Sponheim
(f. 1985)**

Varaordførarkandidat.
Lektor- Voss Gymnas.



**5-Ingeborg Uppheim
(f. 1989)**

Einingsleiar – Voss
kommune.



**3-Anders Kr. Oppheim
(f. 1957)**

Kunderådgjevar –
Sparebanken Vest.



**6-Jostein Thorsen
(f. 1977)**

Rådgjevar - Kartverket

7. Øystein Edvardsen Hide (f.1975)
Universitetslektor.
8. Idar Vestrheim (f.1973)
Systemkonsulent
9. Reidun Vikebø (f.1972)
Resepsjonist.
10. Kjell Ulensvang (f.1944)
Pensjonist.
11. Jarle Vestrheim (f.1965) Sivilingeniør.
12. Dagfinn Uppheim (f.1962) Vaktbetjent.
13. Oddmund Jordal (f.1960)
Seniorkonsulent.
14. Willemina Van Manen (f.1964)
Kyrkjeverja.
15. Paul Wallevik (f.1959)
Kaptein.
16. Karna Marielle Hjelmevold (f.1986)
Student.
17. Carsten Philipp Hjeltnes (f.1969)
Programutvikler.
18. Trees Theresia Amalia Gerla(f.1960)
Kontormedarbeidar.
19. Solveig Hellesnes Uppheim (f.1963)
Assisterande rektor.
20. Sigbjørn Øydvin (f.1969) Sjølvstendig
næringsdrivande.